

ÅRSMELDING 2024



INNHOLD

Framsida: Staffidammen i Blådalsvassdraget i Kvinnherad, ein kald og klar januardag.

Stø kurs i urolege tider	3
Hovudtal 2024	4
Hovudtal 2024-2016 - konsernet SKL	6
- Folk meinar me treng meir kraft	7
Aktivitetar SKL støtta i 2024	9
Våre kraftverk	10
Folk i SKL	11
Styret si årsmelding	12
Resultatrekneskap morselskap og konsern	19
Balanse	20
Kontantstraumanalyse	21
Note 1 - Rekneskapsprinsipp	23
Note 2 - Transaksjonar og mellomverande med nærståande partar	25
Note 3 - Finansiell marknadsrisiko.....	26
Note 4 - Samanslåing av postar i rekneskapen	27
Note 5 - Konsoliderte selskap	28
Note 6 - Lønnskostnad, tilsette, godtgjersle m.m.	29
Note 7 - Pensjonskostnad/-ansvar	30
Note 8 - Varige driftsmidlar	31
Note 9 - Immaterielle eigendalar	32
Note 10 - Aksjar og andelar i andre selskap	33
Note 11 - Fordringar, anna kortsiktig- og langsiktig gjeld	35
Note 12 - Skatt	36
Note 13 - Aksjekapital og aksjonærinformasjon	41
Note 14 - Eigenkapital	42
Note 15 - Pant og garantiar	42
Revisor si melding	43



STØ KURS I UROLEGE TIDER

Det er vanskeleg å skriva ei innleiing utan å kommentera tida me lever i.

Ei regelstyrt verd og langsiktige samarbeid over landegrensene er viktig for Noreg. NATO, med USA som den sentrale aktøren, har vore berebjelken i vår sikkerheitspolitikk medan avtalene med vår største handelspartner EU har vore avgjerande for næringslivet og industrien. No er dette i spel.

USA si endra tilnærming til handel og alliansar skapar uro, med umiddelbare konsekvensar for Ukrainas forsvarskamp mot Russlands angrepsskrig – men òg for Noreg og norske bedrifter. Me lever i ei tid prega av usikkerheit men samtidig med ei klar erkjenning av kor me står, og kva me må gjera: at me aktivt tar vare på og vidareutviklar samarbeidet med våre europeiske naboar.

Det norske kraftsystemet er tett integrert med landa rundt oss og dei siste åra har vist styrken i samarbeidet. Trass energikrigen ført av Russland og endringane med stor auke i uregulerbar kraftproduksjon, har kraftsystemet levert svært god forsyningssikkerheit. Likevel har utfordringane i systemet også blitt tydelegare. Vårt moderne samfunn er avhengig av stabil tilgang på straum, og dei store

prisvariasjonane dei siste åra skapar usikkerheit og vanskar for mange. Sunnhordland kraftlag (SKL) sitt viktigaste bidrag i ei usikker tid er difor å ha god drift slik at våre anlegg kan produsera når forbrukarane treng straumen mest. Det bidrar til jamnare og lågare prisar.

SKL-tilsette har også i 2024 arbeidd godt med det me har fokus på: drift, utvikling og bygging av ny fornybar kraftproduksjon. Me har hatt høg oppetid på anlegga våre, 99,57 % for dei store og 99,13 % for dei små. Det betyr at anlegga er driftsklare og tilgjengelege for å produsera nær sagt til ei kvar tid. SKL har ferdigstilt Løkjevatn kraftverk, og rehabiliterer to andre kraftverk i Litledalen i Etne kommune. Evna til å produsera straum når behova er størst er dobla i Etnevassdraget, og det gir oss 20 nye GWh per år når anlegga er ferdige. 2024 var òg året SKL vart eigar av vindkraft på land. 27. september overtok SKL 95 % av Midtfjellet Vindkraft, og me er no stolt eigar av anlegget saman med Fitjar Kraftlag. Forhåpentlegvis er dette starten på større aktivitet knytt til vind på land for SKL.

SKL har høg aktivitet og målsettinga vår om å veksa frå produksjon av totalt 3,2 TWh fornybar kraft i året til 4 TWh, står fast. Utover investeringane i Litledalen, bygger me for tida tre kraftverk i Rullestad i Etne kommune som skal gi 89 nye GWh,

der vår andel er 50 %. I tillegg startar me våren 2025 å bygga Onarheimselva kraftverk med ein berekna årsproduksjon på 18 GWh.

Me arbeider òg aktivt med Blåfalli Fjellhaugen. Det er eit effektkraftverk i det allereie utbygde Blådalsvassdraget som aukar storleiken på maskinparken med 185 MW. I desember fekk me positiv innstilling frå NVE, og me ventar på positivt svar frå regjeringa. Ny energimengde er rekna til om lag 70 GWh årleg.

I urolege tider kan det vera lett å mista tråden i dei alvorlege klimautfordringane som står framfor oss. Noreg treng meir fornybar energi til konkurransedyktige prisar for å kutta klimautslipp og for å sikra norsk konkurransekraft. Det skal me klara, og då må me utvikla og bygga meir fornybar energi i eit raskare tempo enn me har gjort fram til no.

SKL har fullt fokus på å utvikla nye prosjekt, og me skal gi vårt bidrag til å produsera den fornybare energien me treng framover.

John Martin Mjånes
Adm. direktør



HOVUDTAL 2024

1 878

Omsetning mill. kr.

1 274

Driftsresultat mill. kr.

436

Årsoverskot mill. kr. etter skatt

260

Utbyte mill. kr.

7 658

Totalkapital mill. kr.

3 545

Eigenkapital mill. kr.

46,3%

Soliditet eigenkapital i %
av totalkapital

67


Årsverk pr 31.12

2 583

Total produksjon i SKL-konsernet
sine anlegg, GWh



SKL BETALTE **1 215 700 000 KRONER I SKATTAR I 2024***. DET TILSVARAR...



234
elektriske bussar



eller

1794
grunnskulelærarar



eller

53 km
med gang- og sykkelveg

1 buss: ca 5,2 mill. kr. - Kjelde: [Miljødirektoratet \(side 16\)](#)

Basert på gjennomsnittleg årslønn 677 760,-.
Kjelde: SSB tabell 11418

1 km gang- og sykkelveg: ca 23 mill. kr. - Kjelde: [Tiltak.no / Transportøkonomisk institutt](#)

* Beløpet er summen av naturressurskatt, grunnrenteskatt, konsesjonsavgift til kommunar, selskapsskatt, eigedomsskatt, konsesjonsavgift til staten, arbeidsgivaravgift og avgift på kraftproduksjon. Beløpet er faktisk utbetalet skattar i 2024.



HOVUDTAL 2024 - 2016

KONSERNET SKL

		2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Resultatrekneskap										
Omsetning	mill. kr.	1 878	2 420	5 519	2 163	344	987	1 255	807	710
Driftsresultat	mill. kr.	1 274	1 742	4 760	1 677	57	597	818	411	284
Årsoverskot etter skatt	mill. kr.	436	669	1 746	703	3	269	355	153	161
Utbyte	mill. kr.	260	400	1 400	422	2	160	210	115	120
Balanse										
Totalkapital	mill. kr.	7 658	5 609	8 376	5 272	3 946	3 832	3 892	3 723	3 827
Eigenkapital	mill. kr.	3 545	3 273	3 045	2 712	2 428	2 434	2 319	2 178	2 157
Soliditet (eigenkapital i % av totalkapital)	%	46,3	58,4	36,3	51,4	61,5	63,5	59,6	58,5	56,4
Likviditetsgrad 1 (omløpsmidler i % av kortsiktig gjeld)	%	79,8	94,4	90,6	74,5	11,2	38,2	54,2	58,6	91,0
Rentabilitet										
Totalrentabilitet (resultat før rentekostnadar i % av totalkapital)	%	17,5	33,5	58,2	32,0	1,6	16,2	21,8	11,5	7,6
Eigenkapitalrentabilitet før skatt (resultat/eigenkapital)	%	36,1	56,4	159,4	61,5	1,5	24,4	35,5	18,7	12,1
Årsverk										
Årsverk per 31.12.		67	62	54	55	56	55	58	60	68

Alle tal i 1000 NOK



- FOLK MEINER ME TRENG MEIR KRAFT

OG DEI SOM ER NÆRAST
KRAFTUTBYGGINGA ER MEST POSITIVE.

Det er lærdomen frå ei kartlegging over kva haldningar innbyggjarane i Sunnhordlandskommunane har til utvikling av ny kraftproduksjon og nytt straumnett.

Sommaren 2024 gjennomførte SKL ei spørreundersøking i samarbeid med næringsutviklingsorganisasjonen Atheno. Via analysebyrået Kantar blei innbyggjarane i åtte kommunar stilt spørsmål mellom anna om den lokale kraftsituasjonen og ulike typar kraftutbygging.

– Generelt ser me at innbyggjarane meiner at tilgang til kraft og nett er naudsynt for arbeidsplassar og verdiskaping i regionen vår. I stor grad meiner dei som er spurta at me treng nettoppgraderingar og auke i produksjon av kraft.

Magne Andresen frå SKL og Astrid Kjellevold frå Atheno samarbeida om spørreundersøkinga.



- FOLK MEINER ME TRENG MEIR KRAFT (FORTS.)

Likevel er det sprik i korleis dei meiner me skal få det til, fortel Astrid Kjellevold, dagleg leiar i Atheno.

Dei som er næraast kraftverka er mest positive

Svara viser at innbyggjarane i kommunar der vass- og vindkraft allereie er bygd ut, er meir positive enn innbyggjarar i kommunar der det ikkje er bygd ut kraft. Det er særleg tydeleg hos innbyggjarane i Fitjar, der over halvparten er positive til Midtfjellet vindkraftverk. Sjølv om det er skepsis til utbygging av ny vindkraft også blant fitjarbuen, er det vesentleg fleire i Fitjar som er positive til både Midtfjellet og eventuell ny vindkraft enn i dei andre Sunnhordlandscommunane.

– Innbyggjarane som lever tettast på kraftutbygginga erfarer best kva utbygginga har å seia for lokalsamfunnet i det daglege, på både godt og vondt. Det er interessant å sjå at dei er meir positive til «sine» kraftanlegg enn innbyggjarar i kommunar utan kraftutbygging, seier Magne Andresen, som er myndigheitskontakt i SKL.

Generelt blir vasskraft opplevd svært positivt i alle kommunane. Over åtte av ti kvinnheringar, og nesten

like mange etnebuarar, er positive til vasskraftverka i sine eigne kommunar.

Flest peiker på utbygging av kraft i eigen kommune

På spørsmål om kva ein meiner bør gjerast for å sikra Sunnhordland tilgang på nok kraft, peiker flest av dei 1 700 som svarte i undersøkinga på alternativet bygga ut straumnettet (46 %). Nesten like mange peiker på at ein treng å bygga ut meir kraftproduksjon i sin eigen kommune (43 %).

Det var òg mogleg å svara at det som trengst er utbygging av kraftproduksjon i ein annan Sunnhordlandscommune eller andre stader i Noreg. Det var det færre som peikte til, høvesvis 37 og 31 %.

I motsett ende var det eit alternativ å vera ueinig, og svara at me ikkje treng å gjera noko fordi me har nok kraft. Det var det 6 % som svarte.

Vasskrafta er mest populær

Når det gjeld utbygging av ny kraft frå vatn, sol, vind på land, havvind eller kjernekraft, er sunnhordlendingar

noko delte i synet på dei ulike teknologiane. Vasskraft er den teknologien flest, 75 % av dei spurte, seier dei er positive til å bygga ut i eigen kommune.

Sunnhordlendingane er meir positive enn elles i Noreg. På landsbasis svarar 71 % at dei er positive til å bygga ut vasskraft i eigen kommune.

Vindkraft på land er den teknologien dei færreste seier dei er positive til at skal byggast ut i eigen kommune, og færre enn på landsbasis. Det er skilnad mellom kommunane men samla for dei åtte sunnhordlandscommunane svarar 20 % at dei er positive, samanlikna med 36 % elles i Noreg.

– Dei fleste som har svart på undersøkinga verkar å dela eit syn om at me treng meir kraft. Undersøkinga viser at det er mange som ikkje ønskjer vindkraft på land, som ifølgje NVE er den billigaste krafta å bygga ut. Viss regionen skal få den krafta me treng, må ein kanskje ta nokre vanskelege val mellom kraftproduksjon som betaler seg sjølv og dei som treng subsidiar, forklarar Astrid Kjellevold.

Om undersøkinga

Spørreundersøkinga blei gjennomført av Kantar på sms og spørreskjema i juni 2024, på vegner av Invest in Sunnhordland.

Cirka 1700 personar blei intervjuata fordelt i kommunane Bømlo (270), Fitjar (178), Stord (287), Kvinnherad (260), Etne (152), Sveio (184), Tysnes (124) og Austevoll (241).



AKTIVITETAR SKL STØTTA I 2024



Vannes naturcamp:
Barn og unge hadde herlege sommarlege og kulturelle opplevelser på gratis sommarleir med Vannes naturcamp i Etne kommune.

Røldal musikkorps:
Røldal musikkorps har hatt stor vekst og har kunne kjøpe inn nye instrument, og arrangert eit vellukka seminar med gjestedirigent for store og små i korpset.

Sirkussteater:
Spinae Company og Foreininga Spinae sette opp muiskalen Sirkus Homo Sapiens til sitt 10-års jubileum, der rundt 300 barn og unge var med.

Åkra skeisebane:
For å få til eit lågterskeltilbod rundt skeisebanen i Åkra i Kvinnherad, kjøpte bygdalaget inn benkar, bålpanner, skeiser og hjelmar for sponsormidlane frå SKL.

Etne discgolf:
I August 2024 fekk Etne discgolf ferdig eit nytt lågterskel aktivitetstilbod, i form av ein ny frisbeegolfbane med 18 hol, i naturskjønne omgivnadar langs Etnefjorden.



First lego league:
Netwon-rommet Kvinnherad arrangerte First Lego League i Kvinnherad Arena og deltok på skandinavisk finale i Trondheim med laget Herøysund Explorers.

The Jokers:
Rockegruppa The Jokers sine seks medlem var på ein kjempekjekk tur til Solgården i Spania, i regi av Dissimilis Noreg.

Seladon:
Ungdomsprosjektet «Vind i segla» på seglskuta Seladon er eit tilbod til ungdomsskuleelevar som gir opplæring i segling, sjømannskap, navigasjon og andre maritime fag.

NM Fjordhest:
Stord hestesportlag gjennomførte eit vellukka NM i fjordhest på Stord i juni for 80 deltakarar og teknisk personell.

Sør-vestlandscup:
Mange unge klatrarar fra regionen hadde det kjekt under Sør-vestlandscup i september.

NM i petanque:
I juni arrangerte Stord Petanqueklubb NM på gruveområdet på Litlabø, på Stord. Eit flott arrangement med 200 deltakarar frå heile Noreg.



VÅRE KRAFTVERK


● Heleigd

Blåfalli Vik
Blåfalli III
Blåfalli IV
Blåfalli V
Eikelandsosen kraftverk
Hardeland kraftverk
Litledalen kraftverk
Staffi kraftverk
Børteit kraftverk
Lundseter kraftstasjon
Bordalsbekken
Liarelva
Rødne kraftverk
Åkraelva kraftverk
Tveitelva kraftverk
Storelvi kraftverk
Håfoss kraftverk
Sand Kraftverk
Økstra kraftverk
Einungstølsåna kraftverk
Løkjelsvatn kraftverk

● Deleigd

Sima kraftverk
Ulla-Førre-verka
Saudefaldene
Akslandselva kraftverk
Eitro kraftverk
Hopselva kraftverk
Håra kraftverk
Indrebø kraftverk
Mosbakka kraftverk
Nydal selva kraftverk
Tysseland kraftverk
Steinsvik kraftverk
Sandal og Fossheim kraftverk
Tverrelva kraftverk
Gjønaelva kraftverk
Helgheim kraftverk
Jarlshaug kraftverk
Risvollelva kraftverk
Timbra kraftverk
Steine kraftverk
Midtfjellet Vindkraft

For meir informasjon om våre kraftverk - trykk her 



FOLK I SKL



Sture Arild Karlsen (65)

Vassdragsteknisk ansvarleg (VTA) og prosjektleiar

Busett: Stord.

Bakgrunn: Sivilingeniør bygg NTH (NTNU), Befalsskolen for Feltartilleriet.

Antal år i SKL: 16 år.

Jobbar med:

Som VTA har eg det faglege ansvaret for å følgja opp tryggleiken ved nesten 60 vassdragsanlegg (dammar og vassvegar) med tanke på førebygging av skade på menneske, miljø og eigedom. Som prosjektleiar, jobbar eg for tida med rehabilitering av dammane ved Midtbotnvatn og planlegging av tilsvarande arbeid på dammane ved Fjellhaugvatn og Blådalsvatn.

Kva liker du med å jobba i SKL?

Eg får høve til å jobba med interessante tekniske utfordringar samstundes som arbeidet mitt er viktig for tryggleiken til samfunnet som heilheit. Eg likar å jobbe med utvikling og vedlikehald av internkontrollsystemet vårt. Jobben gir meg òg høve til å komma meg ein del ut av kontoret. Både på og utanfor kontoret treff eg mange kjekke kollegaer.

Korleis bidrar du til ei berekraftig utvikling i jobben din?

Mitt vesle bidrag her er å sjå til at me har vassdragsanlegg som er godt vedlikehalde og trygge, og dermed i stand til å levera vatn til produksjon av rein fornybar kraft 24/7.



Andrea Marie Gundersen (33)

Prosjektutviklar

Busett: Stord.

Bakgrunn: Bachelor i maskiningeniør frå Høgskulen på Vestlandet, seinare damsikkerhetsfag frå NTNU.

Antal år i SKL: 1,5 år.

Jobbar med:

Produksjonsberekingar av potensielle nye vasskraftverk, konsesjonssøknadar og berekraft i prosjekt. Jobbar aller mest med Blåfalli Fjellhaugen-prosjektet.

Kva liker du med å jobba i SKL?

Det er mange kjekke prosjekt og veldig variert arbeidskvardag; eg kan sitta på kontoret og nerda med tal ein dag, og vera oppe på fjellet den neste. Også er det så kjekke folk. Det er ein unik arbeidsplass med at så mange har så lang erfaring med faget sitt.

Korleis bidrar du til ei berekraftig utvikling i jobben din?

Me jobbar mykje med å redusera utslepp frå Scope 3 i utviklingsprosjekta våre, det vil seia klimagassutslepp frå varer og tenester som SKL kjøper inn. Me er veldig tydelege på krav til berekraft til samarbeidspartnerane og leverandørane våre, me har spesifikke rapporteringskriterium med krav til dei om å redusera utslepp. Det er noko me har stort fokus på i møta me har med dei.



Kjartan Bjørnebøe Hegland (39)

Industrimekanikar

Busett: Matre, Kvinnherad.

Bakgrunn: Faglært industrimekanikar, driftsteknikar på oppdrettsanlegg.

Antal år i SKL: <1 år.

Jobbar med:

Etter nyttår har eg halde mest på med årskontrollar av småkraftanlegg, som er dei årlege rutinekontrollane av kraftverka. Ellers vedlikehald på maskinar og utstyr, og ukentlege og månadlege skjekkar i Blåfalli 3 kraftstasjon.

Kva liker du med å jobba i SKL?

Varierte arbeidsdagar med trivelege kollegaer og eit bra arbeidsmiljø. Her er det stor takhøgde og det er aldri problem å spørja om hjelp eller å få gode råd same kven ein går til.

Korleis bidrar du til ei berekraftig utvikling i jobben din?

SKL leverer noko av den grønaste og mest berekraftige energien ein kan få tak i. Og det å vera med og halda produksjonen i gang er både spennande og noko ein kan vera stolt av.



STYRET SI ÅRSMELDING

Verksemda

Konsernet Sunnhordland kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon- og utvikling av fornybar kraft.

SKL si vasskraftproduksjon ligg i all hovudsak i Hordaland og Rogaland fylke. Hovuddelen av vasskraftproduksjonen og driftsmiljøet er lokalisert til Matre i Kvinnherad kommune, der fleire stasjonar nyttar vassressursane i Blådalsvassdraget. SKL har også ei driftsavdeling i Litledalen i Etne kommune tilknytt Litledalen og Hardeland Kraftverk. I tillegg eig og driv SKL Eikelandsosen kraftverk i Fusø, Rødne Kraftverk i Vindafjord, Bordalsbekken i Tysvær og to mindre stasjonar på Stord. SKL er også medeigar i Sima kraftverka (8,75%) i Eidfjord og Ulla Førre kraftverka (2,54%) i Rogaland og Aust-Agder. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 474 GWh inkludert konsoliderte småkraftverk.

Småkraftsatsinga skjer hovudsakleg i eigne datterselskap og tilknytt selskap. I konsernet inngår 13 småkraftverk i eigne selskap. Desse er alle sett i drift med ein total midlare kraftproduksjon på 153 GWh. Gjennom tilknytt selskap har SKL eigarskap i 10 småkraftverk med midlare produksjon på 135 GWh.

Selskapet deltar også i kraftproduksjon i Sauda gjennom eigardel på 15 % i AS Saudefaldene.

I september 2024 overtok SKL 95% av Midtfjellet Vindkraft AS som driv vindkraftproduksjon på Midtfjellet i Fitjar kommune. Årleg middelproduksjon

utgjer 423,6 GWh på 55 vindmøller med samla effekt på 150 MW.

Driftssentralen som overvaker og styrer produksjonsanlegga er lokalisert til Stord, som også er sete for hovudkontoret til selskapet.

Vidare drift

Årsrekneskapen er avgjort under føresetnad om vidare drift. Styret stadfestar at føresetnaden er til stades.

Arbeidsmiljø og personale

Ved utgangen av 2024 hadde SKL 67 tilsette og 3 lærlingar, mot 62 tilsette og 3 lærlingar i 2023. I årsverk utgjer dette 66,5 tilsette og 3 lærlingar ved utgangen av 2024.

SKL har sidan 2002 vore IA-bedrift. Det er etablert ein livsfasetilpassa personalstrategi med heilskapleg fokus på: helse, motivasjon, kompetanse og livsfase. Målsettinga er, i samarbeid med den einskilde, fagforeiningane, bedriftshelsetenesta og NAV, å redusera sjukefråværet og legga til rette for at tilsette kan arbeida lenger før uttak av pensjon.

I 2024 har tilsette i SKL ikkje hatt skader med fråvær, 0 H1-skadar. Det er registrert éin skade utan fråvær, der det var trøng for tilrettelegging av arbeid, det vil seia 1 H2-skade. H2-tal ved utgang av året var 8,9. I 2024 hadde SKL 1 skade hos tilsette, med fråvær, og med det ein H1- og H2-verdi på 10,1. Tilsvarande tal for 2022 var ingen skade med og utan fråvær, H1- og H2-verdi lik 0. Samla sjukefråvær i 2024 var 3,37% mot

3,93% i 2023 og 2,81 % i 2022. SKL har tilsett ressurs som har ansvar for systematisk HMS-arbeid. SKL har samarbeidsavtale med bedriftshelsetenesta Falck.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har 3 tilsette- og 3 arbeidsgivarrepresentantar. I tillegg møter representant frå administrasjonen og bedriftshelsetenesta. AMU gjennomførte 4 møter i 2024. Faste saker er internkontroll, oppfølging av sjukefråvær, arbeidsrelaterte ulukker, skadar og andre uynske hendingar. AMU handsamar og rapporterer frå HMS-tjenesta, byggesaker og AMU-årsrapport.

Det er teikna ansvarsforsikring for medlemma i styret og dagleg leiar.

Likestilling

Under følgjer oversikt for kjønnslikestilling i selskapet pr. 31.12.2024.

	Kvinner	Menn
Totalt tilsette i verksemda inkl. lærlingar	13	57
Midlertidige tilsette	0	0
Tilsette i deltidsstillingar	0,5	0
Gj. snitt veker foreldrepermisjon	4	0,8

Styret i selskapet består av tre kvinner og fem menn. Leiargruppa i selskapet består av seks personar, og av desse er ei kvinne.

SKL sitt arbeid for likestilling og mot diskriminering er forankra i selskapet sine levereglar som mellom anna seier: «I SKL er alle likeverdige. Ingen skal diskriminera eller forskjellsbehandla medarbeidarar, samarbeidspartnarar, kundar eller andre interessentar på grunnlag av religiøs overtyding, kjønn, seksuell legning, alder, politisk overtyding, etnisk opphav eller andre forhold. I SKL skal me løfta kvarandre fram og alle er ansvarlege for å bidra til eit godt arbeidsmiljø. Me skal ha ein bevisst haldning mot ein kvar form for mobbing. SKL aksepterer ikkje nokon form for trakassering, diskriminering eller annan åtferd som kan bli oppfatta som trugande eller nedverdigande ovanfor kollegaer og andre interessantar.»

Varslingsrutinar er etablert, og desse legg føringar for varsling av kritikkverdige forhold. Det er også etablert livsfasetilpassa personalstrategi som mellom anna tar for seg områda tilrettelegging og moglegheit for å kombinera arbeid og familieliv på ein god måte.

Administrasjonen i selskapet er ansvarleg for å sjå til at det blir jobba aktivt og målretta for å fremja likestilling og hindra diskriminering.

Det var ingen varslingssaker eller disciplinærersaker i SKL i 2024.



STYRET SI ÅRSMELDING (FORTS.)

Ytre miljø

I SKL utviklar og driftar me vass- og vindkraftverk. Me produserer miljøvenleg energi - elektrisk straum.

Drifta av vasskraftverka påfører atmosfæren låge klimaavtrykk, men påverkar økosystemet i vassdraga, og landskapsbiletet lokalt gjennom fråføring av vatn og regulert vasstand. Vindkraft beslaglegg areal og volum. Eit omfattande vegnett og høge mastar og rotorar endrar landskapsbiletet.

Mest synleg er naturinngrepa. All aktivitet påverkar omgivnadane og miljøet kring oss – også vass- og vindkraftproduksjon. Utbygging av vass- og vindkraft medfører inngrep i naturen. Av den grunn har det vore, og vil det vera, diskusjonar og ulike meininger knytt til utbygging. Vassdragsregulering endrar dei fysiske tilhøva og livsgrunnlaget for fisk og andre vasslevande organismar. Samtidig kan reguleringa i nokre høve skapa miljø som er gunstigare for dyrelivet, ved å dempa dei negative og forsterka dei positive faktorane. I SKL er me opptatte av at utbyggingsløysingar og miljøinngrep skal utøvast så skånsamt som råd. Me har tru på kunnskapsbasert forvalting og jobbar med å etablere avbøtande løysingar.

Regulering av vassdrag har også andre positive miljøeffektar. Regulering kan i nokre høver verka flaumførebyggande, redusera skade på natur og eigedom, og sikra høgare kritisk lågvassføring samanlikna med kva naturen sjølv gir.

Eit leiande mål for selskapet er at anlegga våre skal driftast utan miljøavvik. Det vil sei at gjeldande vilkår i form av minstevassføring, reguleringshøgder med meir, skal blir overhalde til ei kvar tid. Kraftverka blir drifta og overvaka frå driftssentralen på Stord. Sentralen er døgnbemanna og syt for at vilkåra i konsesjonane blir følgt. Eventuelle avvik blir følgt opp.

Størst utslepp av klimagassar er knytt til anleggsarbeid i samband med bygging av kraftverka. Sett i lys av eit livsløpsperspektiv blir samfunnsnytta i form av tilført rein og fornybar energi (kWh) stor, samanlikna med klimaavtrykket frå ein temporær og kortvarig anleggsfase.

SKL vil arbeida for ei berekraftig verd, og selskapet sitt hovudbidrag er knytt opp mot følgjande berekraftsmål:





SKL har utarbeidd spesifikke mål og tiltaksplanar for å nå desse. Arbeidet blir dokumentert i SKL sin årlege Berekraftsrapport, denne finn du på www.skl.no.

SKL førebur seg til å rapportera etter CSRD

SKL førebur rapportering etter CSRD, som står for Corporate Sustainability Reporting Directive, og er et EU-direktiv som endrar og skjerpar krava til berekraftsrapportering. Frå rekneskapsåret 2025 skal SKL rapportera, i tråd med krava i direktivet, til Haugaland Kraft sin konsernrapport. SKL er i full gang med førebuingar, som inneber vesentleg meir omfattande og detaljerte skildringar av selskapet sitt arbeid med miljø, sosiale forhold og styring av selskapet. For å sikra grundig og systematisk gjennomføring er me i gong med fleire prosessar som gir oss betre bilete av vår påverking på miljø og samfunn samt risikoar og moglegheiter knytt til vår verdiskaping. For å sikra langsiktig berekraft gjennomfører SKL analyse av både klima- og naturrisiko. Dette inneber å identifisera og vurdera mogleg risiko knytt til klimaendringar, naturkatastrofar og endringar i naturmangfold. Risikoanalyse av både klima og natur er noko me har gjort lenge, men denne gongen blir det gjort i samsvar med krav i berekraftsdirektivet til EU.

Vidare arbeider SKL med EU-taksonomien som er eit klassifiseringssystem for vurdering av berekraft. Dette skal bidra til ei felles forståing av kva aktivitetar som er berekraftige. Målet er å styra privat kapital mot økonomiske aktivitetar som bidrar til det grøne skiftet.

Selskapet har i 2024 ikkje hatt vesentlege uynskte hendingar som har skada ytre miljø.

NVE gjennomførte miljøtilsyn hos SKL i 2024. Tilsynet omfatta synfaring og oppfølging av dei nye kraftverka Hardeland kraftverk og Litledalen kraftverk, samt dam Hardeland, i byggefase. Innspel og løysingsforslag blei utveksla og drøfta. Eit munnleg avvik i høve til gjeldande arealbruksplan for dam Hardeland vart påpeika og retta opp straks.

Selskapet har ikkje opplevd noko vesentlege uynskte hendingar med påverknad av ytre miljø i 2024, knytt til utført anleggsarbeid. I 2024 vart fire hendingar knytt til låg minstevassføring i småkraftverk meldt vidare til NVE. SKL sin vurdering er at hendingane ikkje har hatt konsekvens for ytre miljø.

Om drifta

Gjennom 2024 blei kraftbalansen i Noreg kraftig forbetra gjennom oppbygging av høge magasinnivå, særleg gjennom hausten. Store prisforskellar mellom kraftområda har vedvart i 2024, der særleg NO2 der SKL har sin hovudproduksjon, har hatt relativt sterk pris.

For SKL var vasskraftproduksjonen i 2024 på totalt 2 319 GWh. Det er 18 GWh eller ca. 0,8 % høgare enn det som er rekna som middel produksjon. Dei konsoliderte småkraftverka hadde ein produksjon på 136 GWh, mot middelproduksjon for anlegga som utgjer 153 GWh.

Magasininnhaldet ved inngangen til 2024 var på 56,3 %, mens den ved utgangen var 91,0 %. Totalt nedbør i Matre blei 3 443,3 mm (ca 4,5 % høgare enn normalt) mot 2 937,3 mm i 2023.

Det har vore god tilgjengeleight i dei heileigde produksjonsanlegga i løpet av året. Det har vore gjennomført vanleg vedlikehald i samsvar med plan utan at det har hatt signifikant innverknad på produksjonen. Unntaket var havari på Staffi kraftverk, som medførte nedetid frå 14.mai til 2.oktober. Løkjelsvatn kraftverk blei sett i drift 01.06, men hadde ei lengre tid der kraftverket ikkje var tilgjengeleg for normaldrift grunna arbeid i vassvegen. Etter 16. oktober har kraftverket vore i ordinær drift. I tillegg har arbeid på Midtbotnvatn ført til anna vassdisponering enn vanleg for dei kraftverka som ligg nedstraums.

Snittpris for 2024 i prisområdet Blåfalli (NO2) blei 58,2 øre/kWh. Det er 32,2 øre/kWh lågare enn 2023. Prisen var høgast i januar med 86,2 øre/kWh, mens den lågaste prisen fekk me i juli med 40,7 øre/kWh.

Hovudvolumet av kraft blir selt til spot-pris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i SKL blei 65,8 øre/kWh mot 96,0 øre/kWh i 2023. Tilsvarande tal for dei konsoliderte småkraftverka var 47,4 øre/kWh mot 76,2 øre/kWh i 2023.

Midtfjellet Vindkraft produserte 128,2 GWh i eigartida frå og med 27.september. Årsproduksjonen var 404,7 GWh. Særleg var produksjonen i september og

november lågare enn middelproduksjon. 297 GWh av middelproduksjonen på 423,6 GWh er førehandsselt. Netto oppnådd pris på den produserte krafta var 26,4 øre/ kWh.

Om årsrekneskapen

Resultat

Rekneskapen for 2024 syner omsetning på 1 878,5 mill. kr. for konsernet og 1 839,3 mill. kr. for morselskapet. Resultat før skatt er 1 279,5 mill. kr. for konsernet, tilsvarande tal for morselskapet var 1 286,5 mill. kr. Overskot etter skatt var 436,3 mill. kr. for konsernet og 444,6 mill. kr. for morselskapet. Samanliknande overskot etter skatt var 663,8 mill. kr. for konsernet og 691,6 mill. kr. for morselskapet i 2023. Skattekostnad i konsernet utgjer 843,2 mill. kr., mens skattekostnad for morselskapet utgjer 841,8 mill. kr.

Totalt er resultatet for konsernet før skatt 567,6 mill. kr. lågare enn tilsvarande tal førre år og 232,7 mill.kr lågare etter skatt. Tilsvarande for morselskapet er eit fall på 577,3 mill.kr før skatt og 246,9 mill.kr etter skatt:

- Til tross for historisk sett god pris i 2024 fall den tilbake frå 2023. Dette blei noko kompensert med høgare produksjon, men dekningsbidraget blei redusert med 545,2 mill. kr for vasskraftproduksjonen. Dekningsbidraget for vindkraft var 48 mill.kr i eigartida. Dette inkluderer inntektsføring av mindreverdi knytt til fastprisavtalar. Morselskapet sitt dekningsbidrag blei redusert med 532,4 mill.kr.



STYRET SI ÅRSMELDING (FORTS.)

- Kostnadene til overføring av produsert kraft øka med 19,4 mill. kr. for konsernet og 18,3 mill. kr. for morselskapet. Dette skuldast at den negative marginalkostnaden/ energiledd i området der produksjonen blir innlevert i nettet blei redusert i 2024 i forhold til 2023.
- Lønnskostnadene øka med 6,9 mill. kr. for konsernet og 5,3 mill. kr. for morselskapet målt mot 2023. Total lønn, inkludert balanseførte lønnskostnadene, øka med 9,5 mill. kr. eller 10,9%. Øka skuldast både lønnsvekst på ca. 5,5 % og øke i tal på tilsette, herunder 2,5 årsverk frå Midtfjellet Vindkraft AS frå fjerde kvartal.
- Andre driftskostnadene ekskludert eigedomsskatt blei øka med 30,9 mill. kr. for konsernet og 19,3 mill. kr. for morselskapet. For konsernet utgjer 11,8 mill. kr. kostnadene frå vindkraftverksemada som er ny i konsernet. Andre vesentlege postar med kostnadsauke er energiforbruk, IT-kostnadene, konsulentbruk og forsikring.
- Avskrivningane i konsernet økar med idriftsetting av nye Løkjessvatn kraftverk, inkludering av Midtfjellet Vindkraft AS samt avskriving av meirverdiene i samband med oppkjøpet av Midtfjellet Vindkraft AS. Totalt økar avskrivningane med 41,5 mill. kr. for konsernet og 8,3 mill. kr. for morselskapet.
- Ledig likviditet er hovedsakleg plassert i konsernkontosystemet i lag med største eigar Haugaland Kraft AS. Totalt 749,9 mill. kr. var plassert i konsernkonto ved utgangen av 2024 som selskapet mottar tilnærma marknadsrente for.
- Inntekt frå tilknytt selskap etter eigenkapitalmetoden blei negativ med 8,9 mill. kr. i 2024 mot negativ 10,1 mill. kr. i 2023.
- Rentekostnadene har øka med 28,4 mill. kr. for konsernet og 33,8 mill. kr. for morselskapet målt

mot 2023. Renteberande gjeld øka med 1 539,6 mill. kr. Øka skuldast hovedsakleg finansiering i samband med kjøpet av Midtfjellet Vindkraft AS. I konsernet er det fastrente-avtalar på totalt 642,6 mill. kr., øvrig gjeld har flytande rente.

- Skattekostnaden er redusert til 843,2 mill. kr. for konsernet og 841,8 mill. kr. for morselskapet, noko som gir ein effektiv skatt på hhv. 65,9% og 65,4 % mot 63,8% og 62,9% i 2023. Øka i effektiv skattesats skuldast øka rentekostnad utan frådrag i grunnrenteskatt og redusert finansinntekt med lågare skatt.

Investeringar og langsiktige fordringar

I 2024 gjorde SKL følgande vesentlege investeringar:

- Oppkjøp av Midtfjellet Vindkraft AS til 1 246,5 mill. kr. på 100% basis. I konsernrekneskapen er selskapet konsolidert og forskjell mellom bokført eigenkapital i selskapet og oppkjøpsverdien er allokerert til meir- og mindreverdiene.
- 46,7 mill. kr. til fullføring av Løkjessvatn Kraftverk i Etne.
- 51,8 mill. kr. til bygging av to nye småkraftverk til erstatning for Litledalen og Hardeland kraftverk i Etne.
- 19,2 mill. kr. til prosjekt for utskifting av trafoar, kablar og utandørs koplingsanlegg i Blåfalli 3.
- 46,2 mill. kr. knytt til investeringar i oppgradering av dammar og vassvegar.
- 21,1 mill. kr. til prosjektering av nye kraftverk.
- 24,4 mill. kr. knytt til vedlikehaldsinvesteringar på eksisterande kraftverk.
- 16,1 mill. kr. i investeringar i oppgradering og utskiftingar i administrasjons- og driftsbygningane.
- 6,9 mill. kr. i investering i bilar, transportmiddel og verktøy.

- 4,7 mill. kr. i IKT-utstyr og programvare, herunder produksjonsplanlegging og generatorstyring.

I tillegg er det gjort kapitalinnskot i tilknytt selskap på 13,5 mill. kr. i Hydrogen Solutions AS, og 4,5 mill. kr. i Rullestad & Skromme Energi AS.

Totalt utgjer dette investeringar på 1 501,7 mill. kr. På konsolidert basis på driftsmidlar utgjer investeringane 1 817,4 mill. kr. inklusive meirverdiar ved oppkjøp.

Balanse og likviditet

Likviditetssituasjon pr. 31.12.2024 er sterkt med bankinnskot og inneståande på konsernkonto på totalt 1 076,3 mill. kr. for konsernet og 969,3 mill. kr. for morselskapet.

Arbeidskapitalen er pr. 31.12.2024 negativ med 318,7 mill. kroner for konsernet. Tilsvarande for 2023 var negativ med 95,5 mill. kr. Kortsiktig renteberande gjeld på 500 mill. kr., skattegjeld på 650,9 mill. kr. til forfall i 2024, og utbyteavsetning på 260,0 mill. kr. dei dominante elementa i den kortsiktige gjelda. Likviditetssituasjonen er god. I tillegg har konsernet unytta kassakreditt på 300 mill. kr. Samla gjeld knytt til obligasjonar, og andre lån og kassakreditt utgjer 2 153,9 mill. kr. pr. 31.12.2024, mot 614,3 mill. kr. pr. 31.12.2023. Det er forfall for langsiktig gjeld på 300 mill. kr. i 2024, samt anna gjeld til kreditinstitusjon med 200 mill. kr. Kontantbehaldninga, kortsiktig kapitalplassering og unytta kassakreditt i kombinasjon med venta innbetalingsoverskot frå drifta gir god margin for dekning på forfall for kortsiktig gjeld og investeringar i kommande periode. Konsernet har fått bekrefta kredit-rating hausten 2024 med BBB+.

Konsernet sin soliditet er god. Etter avsett utbyte til eigarar er eigenkapitaldelen ved utgangen av året 46,3% mot 58,8% ved utgangen av 2023. Øka totalbalanse etter oppkjøpet av Midtfjellet Vindkraft er hovedårsaka til fall i eigenkapitaldelen. Marknadsverdien i konsernet sine produksjonsanlegg er langt høgare enn balanseførte verdiar. Eigenkapitalen er forsvarleg ut frå risiko ved og omfanget av verksemada i konsernet.

Kontantstraum

Konsernet hadde positiv kontantstraum frå drifta på 359,6 mill. kr. etter betaling av skatt på 976,3 mill. kr. og endring i driftsrelaterte tidsavgrensingar på -56,5. Tilsvarande tal for 2023 var negativt med 1 553,9 mill. kr. Den store endringa skuldast etterskotsvis betaling av skatt i 2023 for 2022 som hadde svært sterke kraftprisar. Korrigert for dette viser både 2024 og 2023 sterkt positiv kontanstraum frå drifta.

Etter netto investeringar i driftsmidlar og finanzielle eigedeler med 1 827,4 mill. kroner er netto kontantstraum før finansiering negativ med 1 467,8 mill. kr mot negativ med 1 695,1 mill. kr. i 2023. Etter øke av langsiktig finansiering, utbetaling av utbyte og plassering av overskotslikviditet enda netto likviditetsendring gjennom året positiv med 68,2 mill. kr. mot negativ 368,9 mill. kr. i 2023.

Morselskapet hadde positiv kontantstraum frå drifta på 368,5 mill. kr. etter betalt skatt, endring i fordringar, kortsiktig gjeld og driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarande tal for 2023 var negativ med 1 513,9 mill. kr.

Avlagt reknerekspertise gir eit reelt bilet av verksemada og finansiell situasjon for 2024. Det er ingen hendingar etter årsskiftet som har vesentleg innverknad for årsrekneskapen 2024.



STYRET SI ÅRSMELDING (FORTS.)

Framtidig utvikling

Kraftmarkanden har dei siste åra opplevd større volatilitet, både over døgeret og sesongar. Prisforskjellane mellom prisområda har også vore historisk høge. Det er lite som tyder på at desse endringane er forbigåande.

Konsernet sine kraftverk og magasin viser gjennom dei siste åra verdien av både høg magasingrad, god reguleringssevne og isbreen Folgefonna si evne til å jamna ut tilsiget. Resultatet er at SKL har levert tilnærma normal produksjon og tilsig, godt tilpassa marknaden sitt behov for kraft. Oppnådd pris på vasskrafta har både i 2024 og 2023 vore høgare enn gjennomsnittsprisen med 13,1% i 2024 mot 6,2% i 2023.

På konsernet sine småkraftanlegg og vindkraft er normalt oppnådd pris lågare enn områdepris. Oppnådd pris for konsernet si vindkraftsatsing er påverka av fastprisavtalane.

Framtidig inntening og finansiell stilling er vurdert som god på både kort og lang sikt. I starten av 2024 har kraftprisen vore sterk og marknaden viser tendensar til auka volatilitet drive av meir uregulert kraft som i større grad svingar med vind, sol og svingningar i tilsig.

SKL arbeider med konkrete prosjekt for realisering av ny fornybar kraftproduksjon og auke av effekt for betre utnytting av svingningar i marknaden sitt kraftbehov.

Konsernet SKL har god soliditet, og drifta er venta å generera stor positiv kontantstraum over tid.

SKL vil framover halda fram med å ha fokus på lønnsam vekst innan fornybar kraft på den eine sida,

og på den andre arbeida for å ytterlegare optimalisera og effektivisera SKL som eit reint produksjonsselskap.

Finansiell risiko

SKL står blant anna ovanfor følgjande finansielle risiko:

- Pris-, volum- og valutarisiko knytt til dagens og framtidig sal av eigenprodusert kraft
- Renterisiko knytt til låneporfølje
- Refinansieringsrisiko

Pris-, volum- og valutarisiko

SKL er eksponert for prisrisikoen for krafta som selskapet produserer. Prisen i kraftmarknaden er volatil. På kort sikt er prisen svært sensitiv til hydrologisk situasjon og til prisen i andre marknadar som gass, kull og utsleppskvotar. Etter utbygging av meir uregulert kraftproduksjon som vind- og småskala vasskraft er prisen også blitt meir sensitiv til vind- og nedbørsituasjon på kort sikt. Den nordiske kraftmarknaden er også sterkt korrelert med den europeiske.

SKL har over tid stått med ein strategi der all kraftproduksjon blir selt til spot-pris. SKL er difor svært eksponert for endringar i marknadsprisen, noko som ytterpunktet i resultata i 2020 målt mot 2022 viser. 2023 og 2024 er meir «normale» år, men med sterke kraftprisar historisk sett.

I samband med kjøpet av Midtfjellet Vindkraft AS har konsernet fastprisavtalar på 297 GWh årleg fram til og med 2028. Avtalane er inngått til lågare prisar enn marknadsprisane i dag. Det er knytt volumrisiko til avtalane, men dei vil bidra til å stabilisera kontantstraumen.

SKL har ei solid finansiell stilling og eigrarar som kan

handtera risikoen med å vera eksponert for endringane i marknadsprisen for ein vesentleg del av produksjonen. Sjølv om kortsiktige svingningar kan dempast ved førehandssal av kraft, er det ikkje sannsynleg at dette over tid vil gi betre resultat, og kan heller ikkje beskytte mot langsiktige endringar i kraftmarknaden.

Med kraftproduksjon basert på vass- og vindkraft vil tilgang på vatn- og vindressurs variera frå år til år. For SKL, som har Folgefonna i sitt nedslagsfelt, vil breen representera ein utjamnande effekt i dei årlege variasjonane i SKL sitt største produksjonsanlegg. Volumrisikoen blir difor vurdert som noko mindre for SKL enn for bransjen generelt.

Kraftproduksjonen blir omsett i Euro og konsernet er påverka av endringar i vekslingsforholdet mellom NOK og Euro. Valutarisikoen er ein liten og integrert komponent i kraftprisrisikoen og konsernet vekslar inntekta i Euro dagleg. Vekslingsforholdet blir ikkje sikra. Etter oppkjøpet av Midtfjellet Vindkraft AS har konsernet langsiktig gjeld i Euro tilsvarende 342 mill. kr.

Renterisiko

Selskapet sin renterisiko frå låneporfølja blir delvis sikra gjennom rentebyteavtalar. Ein rentebyteavtale på 300 mill. kr. med 5 års løpetid hadde oppstart i Q3 2024. Euro lån tilsvarende 342 mill. kr. er også sikra med fastrente. Konsernet har også delvis sikring av renterisiko gjennom grunnrenteskatten si fri-inntekt.

Re-finansieringsrisiko

Selskapet har ein finansieringsrisiko for kapitalbehov frå vekst og re-finansiering. Kort løpetid i låneporfølja aukar denne risikoen. Risikoen blir handtert gjennom spreiing av forfall over tid, samt finansieringsrammer gjennom trekkrettar/kassakreditt i tillegg til likviditetsbehandling.

Resultatdisponering

SKL si målsetting er langsiktig verdiskaping og utvikling av selskapet. For å bidra til å bygga ein kapitalbase for vidare vekst, er det lagt opp til at selskapet held tilbake om lag 40 % av konsernresultatet.

Ut frå kontantstraum og kapitalstruktur i konsernet, er det styret si meining at forslaget nedanfor til resultatdisponering er forsvarleg og i samsvar med dei skisserte måla for konsernet.

Styret sitt forslag til disponering av overskotet for Sunnhordland Kraftlag AS for 2024:

Avsett til utbyte	kr 260 000 000
Avsett til annan eigenkapital	kr 184 638 000
Sum disponering	kr 444 638 000



STYRET SI ÅRSMELDING (FORTS.)

Stord

24. februar
2024



John Martin Mjånes
Adm. direktør



Pablo Barrera
Styreleiar



Ketil Konglevoll
Nestleiar



Jorunn Håvardsholm
Styremedlem



Olav Linga
Styremedlem



Sonja Chirico Indrebø
Styremedlem



Per Jarle Kosior Valvatne
Styremedlem



Raimund Sæle
Styremedlem for tilsette



Anne-Gro Fivelstad
Styremedlem for tilsette





Store delar av 2024 blei det jobba med å oppgradera Dam Hardeland, mellom anna med eit nytt labyrintoverløp.



RESULTATREKNEKAP - MORSELSKAP OG KONSERN

Konsern		Morselskap					
2023	2024			2024	2023	2024	2023
		Driftsinntekter	Note				
2 253 120	1 753 243	Sal energi	2,3,5	1 708 389	2 254 201		
156 025	113 006	Sal av sertifikat og garantiar	2,5	110 292	155 995		
10 405	12 234	Andre driftsinntekter	2,5	20 630	19 434		
2 419 550	1 878 483	Sum driftsinntekter		1 839 312	2 429 631		
		Driftskostnadar					
254 588	202 373	Kjøp energi	2,5	273 304	345 832		
40 201	27 289	Kjøp sertifikat, garantiar og falleige	2,5	24 110	29 004		
-1 869	17 506	Overføringskostnadar	2,5	16 812	-1 463		
62 916	69 798	Lønn og sosiale kostnadar	5,6,7	71 886	66 549		
141 047	174 972	Andre driftskostnadar	2,4,5,6	152 267	132 136		
109 679	0	Avgift på kraftproduksjon		0	105 767		
71 314	112 844	Av- og nedskrivningar	5,8,9	64 344	56 023		
677 876	604 782	Sum driftskostnadar		602 723	733 848		
1 741 675	1 273 702	Driftsresultat		1 236 589	1 695 783		
		Finanspostar					
67 508	47 724	Renteinntekter	4,5	70 156	89 684		
-4 858	-8 919	Inntekt frå investeringar i tilknytt selskap	4,5	0	0		
-900	0	Nedskriving av finansielle eigendelar	4,10	0	0		
78 148	29 846	Andre finansinntekter	4,10	35 570	112 900		
-34 506	-62 874	Finanskostnadar	4,1	-55 846	-34 619		
105 392	5 777	Netto finanspostar		49 880	167 965		
1 847 066	1 279 479	Resultat før skatt		1 286 469	1 863 748		
1 178 051	843 171	Skattekostnad	12	841 831	1 172 152		
669 015	436 308	Årsresultat		444 638	691 596		

Alle tal i 1000 NOK



BALANSE

Konsern

31.12.2023	31.12.2024	Eigendelar	Note	Morselskap	31.12.2024	31.12.2023
Anleggsmidlar						
Immaterielle eigendelar						
1 037 454	1 037 330	Vassdragsrettar	9	990 152	990 152	
	941 361	Immatreillele rettigheitar	9	0		
56 884	0	Utsett skattefordel	9,12	92 562	42 736	
1 094 338	1 978 691	Sum immaterielle eigendelar		1 082 714	1 032 888	
Varige driftsmidlar						
644 901	650 132	Vassdragsreguleringar	8	405 622	395 389	
784 821	1 491 852	Kraftstasjonar	8	1 351 606	638 124	
0	1 259 848	Vindkraftanlegg	8	0	0	
159 620	181 238	Bygningar	8	81 711	81 456	
45 682	65 889	Fordelingsanlegg	8	46 176	25 287	
6 865	7 638	Fjernstyring/Teleanlegg	8	3 212	2 520	
796 105	243 733	Anlegg under utføring	8	219 708	788 759	
1 810	6 304	Tomter	8	1 800	1 800	
21 753	43 582	IT/Transport- og andre driftsmidlar	8	37 468	21 742	
2 461 557	3 950 216	Sum varige driftsmidlar		2 147 303	1 955 077	
Finansielle anleggsmidlar						
0	0	Investeringar i datterselskap	10,5	148 272	136 414	
109 433	114 576	Investeringar i tilknytt selskap	10	109 053	90 991	
271 011	271 011	Øvrige aksjeinvesteringar	10	261 918	261 918	
73 595	81 083	Langsiktige fordringar	2,3,11	1 667 157	453 060	
454 039	466 670	Sum finansielle anleggsmidlar		2 186 400	942 383	
4 009 934	6 395 577	Sum anleggsmidlar		5 416 417	3 930 348	
Omløpsmidlar						
Kortsiktige fordringar & fin. oml. middel						
69 490	114 261	Andre fordringar	2,11	76 520	66 553	
0	379	Varer		0	0	
56	26 410	Andre finansielle omløpsmiddel	11	139	56	
159 413	45 273	Kundefordringar	2,11	55 030	169 981	
1 111 923	749 895	Fordring inneståande konsernkonto	11	749 895	1 111 923	
1 340 882	936 218	Sum kortsiktige fordringar & fin. oml. middel		881 584	1 348 513	
258 163	326 399	Bankinnskot, kontantar o.l.	4	219 452	192 639	
1 599 045	1 262 617	Sum omløpsmidlar		1 101 036	1 541 152	
5 608 979	7 658 194	Sum eigendelar		6 517 453	5 471 500	

Konsern

31.12.2023	31.12.2024	Note	Morselskap	31.12.2024	31.12.2023
Eigenkapital og gjeld					
Eigenkapital					
Innskoten eigenkapital					
3 748	3 748	Aksjekapital		13,14	3 748
3 748	3 748	Sum innskoten eigenkapital		3 748	3 748
Opptent eigenkapital					
3 230 870	3 439 716	Annan eigenkapital		14	3 372 526
3 230 870	3 439 716	Sum opptent eigenkapital		3 372 526	3 152 780
38 421					
101 557					
3 273 039	3 545 021	Sum eigenkapital		3 376 274	3 156 528
Gjeld					
Avsetnad for forpliktingar					
0	703 603	Utsett skatt		9,12	134 395
30 133	0	Pensjonsansvar		7,11	0
0	174 289	Anna avsetnad for forplikting		3	0
30 133	877 892	Sum avsetnad for forpliktingar		134 395	30 133
Anna langsiktig gjeld					
600 000	800 000	Obligasjonslån		3,11	800 000
0	842 636	Gjeld til kreditteinstitusjon		11	500 000
11 279	11 279	Øvrig langsiktig gjeld		3,11,15	0
611 279	1 653 915	Sum anna langsiktig gjeld		1 300 000	600 000
Kortsiktig gjeld					
3 000	300 000	Sertifikat- og obligasjonslån		11	300 000
0	200 000	Gjeld til kreditteinstitusjon		11	200 000
168 377	39 187	Leverandørgjeld		2	56 204
998 382	650 909	Betalbar skatt		12	646 939
70 049	85 495	Avgifter, skattetrek m.m.			991 241
0	0	Avgift på kraftproduksjon			83 365
54 721	45 775	Anna kortsiktig gjeld		11	70 251
400 000	260 000	Avsett til utbyte		14	160 274
1 694 529	1 581 366	Sum kortsiktig gjeld		1 706 782	1 684 839
2 335 941	4 113 173	Sum gjeld		3 141 177	2 314 972
5 608 979	7 658 194	Sum eigenkapital og gjeld		6 517 453	5 471 500

Alle tal i 1000 NOK



KONTANTSTRAUMANALYSE

Konsern

31.12.2023 31.12.2024 Likvider tilført / brukt på verksemda

Likvider tilført frå årets drift			
1 847 066	1 279 479	Resultat før skatt	1 286 469
-3 108 051	-1 126 120	Betalt skatt	-1 116 061
71 314	112 844	Av- og nedskrivingar	64 344
-1 189 671	266 203	Netto tilført frå årets drift	234 752
			-1 169 359

Likviditetsendringar i balansen			
-126 851	114 140	Endringar i kundefordringar	114 951
-44 650	-44 771	Endringar i andre omløpsmidlar	-9 967
135 229	-129 190	Endring i kreditorar	-118 733
-327 998	280 907	Endring i andre tidsavgrensingar	147 461
-364 270	221 086	Netto likviditetsendringar i balansen	133 712
			-344 589
-1 553 941	487 289	Sum likviditetsendringar frå årets drift	368 463
			-1 513 948

Likvider tilført / brukt på investeringar			
Likviditetsendring frå investeringar og immaterielle eigendelar			
-135 103	-1 942 434	Netto investering i varige driftsmidlar	-256 578
-6 089	-12 631	Endring andre anleggsmidlar /Langsiktige fordringar	-1 244 017
-141 192	-1 955 065	Netto likviditetsendring frå investeringar	-1 500 595
			-175 239
Likviditetsendring frå finansiering			
-7 388	1 539 636	Endring renteberande gjeld	1 197 000
-1 107 723	-401 620	Utbetalt utbyte/tilbakebetaling kapital	-400 000
1 686	62 323	Kapitalutviding	0
1 842 778	-26 354	Kortsiktig kapitalplassering	-83
596 883	362 028	Endring i inneståande konsernkonto	362 028
1 326 236	1 536 013	Netto likviditetsendring frå finansiering	1 158 945
			1 339 661
1 185 044	-419 052	Sum likviditetsendringar frå investering og finansiering	-341 650
			1 164 422
-368 897	68 237	Netto endringar i likvider gjennom året	26 813
			-349 526
627 060	258 163	Likviditetsbeholdning 01.01.	192 639
258 163	326 399	Likviditetsbeholdning 31.12.	219 452
			192 639

Alle tal i 1000 NOK

Morselskap

31.12.2024 31.12.2023



Midtfjelletdagen blir arrangert kvart år i vindkraftanlegget på Midtfjellet. Dagen bringer saman store og små til løp, barneaktivitetar, kiosk, grilling og underhaldning.





Nordlys over Blådalsdammen i Kvinnherad kommune.



NOTE 1 - REKNESKAPSPrINSIPP

Grunnleggjande prinsipp – vurdering og klassifisering

Årsrekneskapen er avgjort i samsvar med rekneskapsloven og god rekneskapskikk i Noreg gjeldende pr. 31.12.2024.

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som blir betalt tilbake innan eitt år eller som er ein del av selskapet sitt varekretsløp, blir klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av gjeld blir tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmidlar blir vurdert til anskaffingskostnad med frådrag for av- og nedskrivningar. Omløpsmidlar er generelt vurdert til lågaste av anskaffingskostnad og verkeleg verdi.

Det er etter god rekneskapsskikk gjort unntak frå dei generelle vurderingsreglane. Eventuelle unntak blir kommentert i dei aktuelle notane. Betinga tap som er sannsynlege og kvantifiserbare blir kostnadsført. Nærare omtale av enkelte postar er gjort nedanfor.

Rekneskapsprinsipp for vesentlege rekneskapspostar

Inntektsføring

Inntektsføring ved sal av varer og tenester skjer på leveringstidspunktet. Forskotsbetalingar på kontraktar blir inntektsført ved levering av underliggende produkt.

Produsert kraft blir levert på innmatingspunkt i nettet, og inntekta er opptent på tidspunktet for levering. Konsernet sel krafta på kraftmarknaden hovudsakleg gjennom marknadsplassen Nordpool. Andre tenester blir inntektsført etter kvart som tenesta blir levert.

Kraftproduksjon/krafthandel

Konsernet har vedtatt strategi og retningslinjer for si agering i kraftmarknaden. Selskapet driv finansiell handel i svært avgrensa omfang. Alle uoppgjorte terminkontraktar blir bokført til verkeleg verdi.

Kostnadsføring / samanstilling

Utgifter blir samanstilt og kostnadsført samtidig med tilhøyrande inntekter. Utgifter som ikkje kan samanstillast med inntekter blir kostnadsført når dei er påløpt.

Avgift på kraftproduksjon

Med verknad frå 28. september 2022 blei det innført 23% «Avgift på kraftproduksjon» («Høgprisbidrag») på den delen av kraftprisen som overstig 70 øre/kWh i kraftverk med generator påstempla merkeyting over 10 000 kVA. 01.01.2023 blei avgifta utvida til å omfatta alle anlegg med påstempla merkeyting over 1000 kVA. Avgifta blei avvikla med verknad frå 01.09.2023.

Av- og nedskrivningar

Avskrivningar blir gjort lineært over forventa resterande økonomisk levetid. Anlegg blir avskrive frå det tidspunkt det blir sett i drift. I hovudsak følgjer selskapet i konsernet rettleiande avskrivingstider for bransjen – sjå note 8.

Ved verdiendringar som ikkje er forbigåande blir anleggsmidlane nedskrive til verkeleg verdi. Verkeleg verdi er salsverdi fråtrekt kostnadar ved avhending eller noverdi av framtidige innbetalingsoverskot. Nedskrivningsvurdering skjer samla for eigedelar i einingar som genererer kontantstraum uavhengig av andre. Tidlegare nedskrivningar blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivninga ikkje lengre er tilstades.

Utviklingskostnadar

Utviklingskostnadar blir balanseført når det er sannsynleg at desse har framtidig økonomisk verdi.

Felleskontrollert verksemد

Konsernet eig 8,75% av anlegga i Sima og 2,54% av anlegga i Ulla Førre. Eigardelen er aktivert i balansen fordelt etter bruttometoden. Produsert kraft, sett bort frå konsesjonskraft, blir disponert direkte. Konsernet sin del av driftsinntekter og driftskostnadar er tatt inn etter bruttometoden i samsvar med eigardelen.

Investering datterselskap, tilknytt selskap og aksjar og andelar

Selskap der morselskapet gjennom eigarskap eller avtale har bestemmande innverknad er definert som datterselskap og er konsolidert i konsernrekneskapen. Investeringar i datterselskap som ikkje er vesentleg for konsernet enkeltvis eller samla, er halde utanfor ved konsolideringa. I selskapsrekneskapen er investeringar i datterselskap bokført til anskaffingskostnad.

Datterselskap blir konsolidert ved oppkjøp av aksjar eller andelar som gir bestemmande innverknad. Konsolideringa i konsernrekneskapen skjer frå tidspunktet kontroll er oppnådd. Måling og tilordning av meir- og mindreverdiar skjer på same tidspunkt. Tilordning av meir- og mindreverdiar skjer inkludert minoriteten sin andel og avskrivninga skjer lineært

NOTE 1 - REKNEKAPSPrINSIPP (FORTS.)

over gjenverande økonomisk levetid. Forskjell mellom anskaffingskostnad og identifiserte eigendelar blir balanseført som goodwill. Det blir gjort avsetning for utsett skatt knytt til meir- og mindreverdiar, mens goodwill er balanseført netto inkludert utsett skatt.

Tilknytt selskap er bokført etter eigenkapitalmetoden konsern, mens i selskapsrekneskapen blir desse halde til kostpris. Det er gjort unntak frå eigenkapitalmetoden for investeringar i tilknytt selskap som ikkje er vesentleg for konsernet enkeltvis eller samla. Investeringar i aksjar og andelar er bokført til anskaffingskostnad med nedskriving til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forbigåande. Viser til nærmere omtale under note 10.

Pensjonsforpliktingar

Selskapet sitt pensjonsansvar i høve til den tariffesta tenestepensjonsordninga er dekkja gjennom pensjonsordning i BKK Pensjonskasse. Ordninga er lukka for alle født etter 1963. Viser til nærmere omtale under note 7.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar blir aktivert til anskaffingskostnad. Eventuelle renter i byggetida blir kostnadsført. Utvidingar og reinvesteringar som medfører auka kapasitet og/eller lengre levetid, blir aktivert.

Eigne arbeid blir vurdert til tilverkingskost, aktivert og ført som kostnadsreduksjon på rekneskapslinja "Lønn og sosiale kostnadar" – Sjå note 6.

Behaldningar

Oppmagasinert vatn er ikkje ført som lagerbehaldning.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Det blir gjort avsetningar for forventa tap på fordringar. Inneståande i konsernkonto-ordning er klassifisert som kortsiktig fordring.

Utsett skatt og skattekostnad

Alminneleg skatt

Utsett skatt blir berekna med bakgrunn av midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret. Ved balanseføring av utsett skatt/utsett skattefordel blir nominell skattesats nytt. Utsett skattefordel oppstår ved forskjellar som gir opphav til skattemessig frådrag i framtid og blir balanseført når det er sannsynleg at fordelen kan nyttast. Årets skattekostnad i rekneskapen inneheld betalbar skatt på årets resultat samt årets endring i utsett skatt. Skattesats for alminneleg skatt utgjer 22%.

Grunnrenteskatt vasskraft

For kraftproduksjonen er det innført ei særskilt skattlegging av inntekter utover normalavkasting. Grunnrenteskatten kjem i tillegg til alminneleg skatt. Skattegrunnlaget er berekna inntekter fråtrekt faktiske driftskostnadar, skattemessige avskrivningar, friinntekt (kalkulatorisk avkasting på driftsmidlar) og alminneleg inntektsskatt. Det blir ikkje gitt frådrag i grunnrenteinntekta for kostnadar knytt til godtgjersle for leige av fall eller vindressurs, eller andre kostnadar som ikkje direkte vedrører drifta av kraftverka.

Grunnrenteskattesatsen er for 2024 57,7% for vasskraft og 32,1% for vindkraft, mens effektiv skattesats er hhv. 45% og 25%. For vasskrafta blir skatten rekna særskilt for kvart kraftverk med generator påstempla merkeyting over 10 000 kVA. For vindkrafta blir skatten utrekna på kvart vindkraftanlegg.

Betalbar grunnrenteskatt vil vera stigande over kraftverket si levetid, i det effekten av friintekta blir redusert og etter kvart fell vekk ettersom kraftverket blir avskrive.

Utsett skatt/skattefordel på grunnrente er berekna av midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar og negativ grunnrenteinntekt

til framføring som selskapet ventar å kunna nyitta i framtida. Frå likningsåret 2021 blir det gitt direkte frådrag i grunnrenteinntekta for vasskraft for ny- og reinvesteringar i grunnrenteskattepliktige kraftverk. Tilsvarande gjeld for vindkraft.

Grunnrenteskatteskatt består av betalbar grunnrenteskatt og endring i utsett skatt/skattefordel knytt til grunnrenteskatt.

Avskrivingsgrunnlaget for driftsmidlane tilknytt vindkraftverka er oppjustert med ein faktor på 1,4 pr. 01.01.2024.

Naturressurskatt og Produksjonsavgift

Vasskraftverka med generator påstempla merkeyting over 10 000 kVA betalar Naturressursskatt. Naturressursskatten blir rekna ut frå produksjonen for det enkelte kraftverk og utgjer 1,3 øre pr. kWh rekna ut frå årleg gjennomsnittsproduksjon for dei siste 7 åra. Naturressursskatten blir motrekna mot fellesskatten av ordinær inntektsskatt og er difor ikkje ein kostnad for selskapet.

For vindkraft blir det betalt ein produksjonsavgift tilsvarende 2,3 øre/kWh til vertskommunen. Betalt produksjonsavgift kjem til fradrag i tilkna grunnrenteskatt.



NOTE 2 - TRANSAKSJONAR OG MELLOMVERANDE MED NÆRSTÅANDE PARTAR

Morselskapet

I oversikten inngår transaksjonar gjennom året og status for fordringar og gjeld pr. utgangen av året.

Alle transaksjonar med nærståande partar er inngått på marknadsmessige vilkår/armlengdes avstand. Renter på gjeld er fastsett med referanserente med påslag for marknadsmessig risiko. Oversikten tar ikke med ordinære skattar og avgifter betalt til kommunal eigar.

Note 13 inneheld oversikt over eigarane i selskapet, mens Note 10 inneheld oversikt over dotter-, felleskontrollert og tilknytt selskap.

Transaksjonar

Tilknytt selskap og felleskontrollert verksemد

Dotterselskap og eigarselskap

	2024	2023	2024	2023
Sal energi	-	-	786 778	1 132 222
Sal andre varer og tenester	3 887	3 596	12 722	13 348
Renter på utlån	2 266	2 020	26 024	22 615
Sum sal	6 153	5 616	825 524	1 168 185
Kjøp energi, sertifikat og opphavsgarantiar	31 812	45 325	65 290	96 669
Overføringskostnadar	-	-	280	(5 150)
Andre kjøp av varer og tenester	-	-	6 516	6 625
Sum kjøp	31 812	45 325	72 086	98 144
Langsiktig fordring	79 837	34 748	1 611 126	404 464
Kortsiktige fordringar	833	322	751 762	1 132 249
Sum fordringar	80 670	43 033	2 362 888	1 495 572
Langsiktig gjeld	-	-		
Kortsiktig gjeld	4 238	9 872	15 104	6 970
Sum gjeld	4 238	9 872	15 104	6 970

Alle tal i 1000 NOK



NOTE 3 - FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Selskapet nyttar ulike finansielle instrument i styringa av finansiell risiko.

Renterisiko

Konsernet har lån med flytande rente som er eksponert for endringar i rentenivået. Renteauke vil auke lånekostnaden, men samtidig redusera grunnrenteskatt gjennom endring i fri-inntektsrenta.

Total renteberande gjeld i konsernet ved årsskiftet er 2 153,9 mill. kroner. Grunnlag for fri-inntektsrente utgjer 1 543,0 mill. kroner for vasskraft og 539,4 mill. kroner for vind pr. utgangen av 2024.

Konsernet si rentesensitivitet blir situasjonstilpassa ved bruk av renteswappar.

Inngåtte rentebyteavtalar (renteswapper) for tidlegare låneopptak:

Mill. kr	Mottar	Betaler	Siste rentedag	Fastrente	Verkeleg verdi
300,0	flytande	fast	29.08.2029	1,57 %	31,2 mill. kr.
342,6	flytande	fast	01.09.2036	2,54 %	26,3 mill. kr.

Bokført verdi av rentebyteavtalane utgjer 26,3 mill. kr.

Konsernet nyttar opsjonen i NRS(F) *Finansielle eiendeler og forpliktelser* og renteswappar er ikkje bokført til verkeleg verdi i balansen på bakgrunn av sikringsbokføring. Unntak skyldast oppkjøp til verkeleg verdi.

Kraftprisrisiko

Konsernet har pr. 31.12.2024 som handelsstrategi å ikkje førehandsselja kraft. Det er gjort unntak frå denne strategien for ein mindre portefølje knytt til fastprisavtalar til slutbrukarar. Totalt er det inngått fastprisavtalar på 188 GWh med fordeling på forfall mellom 2025 og 2030. Fastprisavtalane blir resultatført ved levering.

Ved oppkjøpet av Midtfjellet Vindkraft AS, har konsernet overtatt fastprisavtalar på tilsaman 1 188 GWh, 297 GWh pr. år i perioden 2025-2028. Fastprisavtalane er verdsatt til verkeleg verdi på oppkjøpstidspunktet og blir inntektsført over avtaleperioden. Bokført verdi pr. 31.12.2024 utgjer -174,3 mill. kr.

Hovedvolumet av kraft blir selt til løpende spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i SKL blei 65,8 øre/kWh mot 96,0 øre/kWh i 2023. Tilsvarande tal for dei konsoliderte småkraftverka var 47,4 øre/kWh mot 76,2 øre/kWh i 2023.

Vasskraftproduksjonen i Sunnhordland Kraftlag AS i 2024 vart på totalt 2 319 GWh i SKL. Det er 21 GWh høgare enn det som er rekna som middel-produksjon. Dei konsoliderte småkraftverka hadde ein produksjon på 136 GWh. Dette er 27 GWh lågare enn middel-produksjon, og skuldast hovudsakleg lågare tilsig.

Sunnhordland kraftlag AS overtok Midtfjellet Vindkraft AS med verknad frå 26.09.2024. I eigartida blei det produsert 128,2 GWh. Totalt for 2024 blei det produsert 404,6 GWh mot normalproduksjon på 423,6 GWh.

Valutarisiko

Konsernet SKL har lån på 342,6 mill. kr. i Euro og eit mindre beløp i bank i Euro. Omsetning av kraft over børsen Nord Pool er avrekna i Euro. Konsernet sine inntekter frå kraftproduksjonen er såleis, i tillegg til nivået på kraftprisen, avhengig av tilhøvet mellom kurser på Euro og norske kroner.

All veksling frå Euro til NOK skjer løpende. Det er ikkje inngått avtalar om førahandssal av Euro eller andre valuta.



NOTE 4 - SAMANSLÅING AV POSTAR I REKNESKAPEN

Konsern

2023	2024	Finanspostar		2024	2023
Finansinntekter					
68 872	48 115	Renteinntekter		70 139	89 684
-	-	Inntekter fra datterselskap		-	-
76 648	29 051	Aksjeutbyte og gevinst ved sal av aksjar(jfr. note 10)		35 184	112 765
-4 858	-8 919	Tilknytt selskap etter eigenkapitalmetoden		-	-
136	-144	Andre finansinntekter (jfr. note 3)		403	136
140 798	68 103	Sum finansinntekter		105 726	202 585

Finanskostnadars

17 164	61 958	Rentekostnadars		55 476	16 378
17 340	368	Andre finanskostnadars		368	18 240
34 504	62 326	Sum finanskostnadars		55 844	34 618

105 392 5 777 Netto finanspostar **49 880 167 965**

Andre driftskostnadars

6 626	9 281	Kostnadars eigedomar		8 819	6 155
24 237	33 980	Leige maskinar, inventar, verktøy,rep., andre lev.		18 797	15 544
8 003	12 041	IT Tenester		11 848	8 003
1 714	7 514	Andre framandtenester		10 247	6 537
2 168	2 076	Kontorrekv, annonsar og trykksaker		2 053	2 134
2 145	2 301	Elektronisk kom., telefon		2 165	2 040
2 199	2 395	Bilkostnadars		2 382	2 199
649	772	Reise, diett og bilgodtgjersle		758	613
1 723	1 457	Sal, reklame og representasjon		1 402	1 723
2 064	4 302	Kontingentar og gåver		4 251	2 024
7 131	14 529	Forsikringar og garantikostnadars		12 311	5 725
62 863	65 886	Eigedomsskatt, konsesjonsavgifter m.m.		61 188	60 327
2 223	3 948	Andre avgifter og erstatningar		1 610	1 846
17 302	14 491	Andre driftskostnadars		14 436	17 266
141 047	174 972	Sum		152 267	132 136

Likvide midlar

Skattetrekksmidlar

Sunnhordland kraftlag AS har stilt ein bankgaranti på 6 mill. kroner til dekning av skattetrekksmidlar for alle tilsette i konsernet.

Kassekreditt

Konsernet SKL har ein unytta kassekreditt på 300 mill kroner.

Alle tal i 1000 NOK



NOTE 5 - KONSOLIDERTE SELSKAP

Følgjande selskap inngår i den konsoliderte rekneskapet

Selskap	Forretningskontor	Eigardel	Stemmeandel	Årsresultat	Konsernbidrag /Utbyte
Sunnhordland Kraftlag AS (Morselskap)	Stord			444 638	260 000
Tveitelva Kraftverk AS	Stord	100% direkte	100,00 %	(286)	-
Åkraelva Kraftverk AS	Stord	100% direkte	100,00 %	(122)	-
Storelvi Kraftverk AS	Stord	100% direkte	100,00 %	(3 532)	-
Suldal Elverk AS	Suldal	100% direkte	100,00 %	5 025	-
Håfoss Kraftverk AS	Stord	100% direkte	100,00 %	2 140	-
Jarlshaug Kraftverk AS	Stord	97,8% direkte	100,00 %	(592)	-
Risvollselva Kraftverk AS	Stord	65% direkte	65,00 %	907	-
Einungstølsåna Kraftverk AS	Stord	100% direkte	100,00 %	(541)	-
Økstra Kraftverk AS	Suldal	100% indirekte	100,00 %	(9)	-
Akslandselva kraftverk AS	Stord	54,4% direkte	75,40 %	173	-
Steine Kraftverk AS	Suldal	70% indirkete	70,00 %	741	-
Tverrelva Kraftverk AS	Stord	51% direkte	51,00 %	3 346	-
Eitro Kraftverk AS	Fusa	50,5% direkte	50,50 %	747	-
Onarheim Kraftverk AS	Stord	43,8% direkte	51,00 %	(162)	-
SKL Vind AS	Stord	100% Direkte	100,00 %	60	-
Midtfjellet Vindkraft AS	Fitjar	95% Indirekte	95,00 %	-56 433 *	-

SKL AS eig direkte og indirekte fleire selskap som er vurdert å vera uvesentleg for å dømma konsernet si stilling og resultat.
Desse er ikkje konsolidert i konsernet, jfr Regnskapslovens §3-8. Sjå note 10.

* Årsresultatet i selskapet.
Resultatet i SKL si eigartid er +5 035.

Endringar i konsernstruktur

Til tross for at Sunnhordland Kraftlag AS inngår i konsernet Haugaland Kraft AS, er det utarbeida konsernrekneskap for underkonsernet Sunnhordland Kraftlag AS og datterselskapa som vist over. Konsernrekneskap for Haugaland Kraft AS kan nås på Haukelivegen 25 Postboks 2015, 5504 Haugesund eller på www.hkraft.no.

Alle tal i 1000 NOK



NOTE 6 - LØNNSKOSTNADAR, TILSETTE, GODTGJERSLE M.M.

Ytingar til leiande personar

	Adm. direktør	Styret
Lønn	2 142	0
Anna godtgjersle	108	962
Sum ytingar	2 250	962

Adm.dir har ordinær pensjonsordning. Pensjonsgrunnlaget avgrensa til 12 G.
Pensjonsansvaret er tatt inn i selskapet sitt pensjonsansvar, jmf. note 7.

Verken Adm. direktør eller styremedlem har særskilt avtale om godtgjersle ved opphør av arbeidsforholdet.

Det er ved utgangen av 2024 ikkje gitt utlån til tilsette.

Det er ikkje gitt lån til Adm. direktør, styreformann eller andre nærståande partar.

Revisor

Kostnadsført revisionshonorar for konsernet utgjer 944 TNOK. I tillegg er det utbetalt honorar for andre tenester med 90 TNOK. For morselskapet utgjer kostnadsført revisionshonorar 245 TNOK, mens utbetalt honorar for andre tenester er 45 TNOK.

Spesifikasjon av godtgjersle revisor:

	Konsern	Morselskap
Godtgjersle for lovpålagt revisjon	944	245
Godtgjersle for andre tenester	90	45

Alle tal i 1000 NOK

Konsern			Morselskap	
2023	2024	Lønnskostnadar	2024	2023
58 645	67 490	Lønn	66 683	58 645
10 953	12 287	Arbeidsgivaravgift	12 173	10 953
4 314	5 373	Pensjonskostnadar inkl. arb.g.avg.	5 261	4 314
5 117	3 240	Andre ytingar	2 814	5 117
79 029	88 390	Brutto personalkostnadar	86 931	79 029
16 113	18 592	Herav aktiverte kostnadar	15 045	12 480
62 916	69 798	Resultatførte personalkostnadar	71 886	66 549
62	67	Tal tilsette ved utgangen av året	64	62



NOTE 7 - PENSJONSKOSTNADAR/-ANSVAR

Konsern

2023 2024 Pensjonskostnadar - ytingsordning

1 733	2 006	Noverdi av årets pensjonsopptring	1 887	1 733
9 591	10 336	Rentekostnad av pensjonsansvaret	10 282	9 591
11 324	12 342	Brutto pensjonskostnad	12 169	11 324
-8 678	-9 689	Akvasting på pensjonsmidler	-9 614	-8 678
0	0	Resultatført forplikting ved oppgjer	0	0
0	0	Amortisering av ansvar ved planendring	0	0
2 646	2 653	Netto	2 555	2 646
-73	-75	Medlemsinnskot	-75	-73
244	280	Arbeidsgivaravgift av berekna pensjonskostnad	266	244
2 817	2 858	Netto pensjonskostnadar - Ytingsordning	2 746	2 817

Pensjonsansvar

31 827	30 133	Balanseførte pensjonsforpliktingar IB	30 133	31 827
	742	Kjøp, Sal og fusjon av verksemder	0	0
14 035	-45 011	+ Korrigering IB pensjonsforpliktingar	-45 011	14 035
0	0	+ Korrigering UB pensjonsforpliktingar	0	0
45 862	-14 136	= Balanseførte pensjonsansvar SKL pr. 01.01.:	-14 878	45 862
2 817	2 858	+ Netto pensjonskostnad	2 746	2 817
-18 547	-18 790	- Tilskot /utbetaling over drift inkl. arb.givaravg.	-18 562	-18 547
30 132	-30 068	Balanseførte pensjonsansvar SKL pr. 31.12.:	-30 694	30 133
344 237	324 347	Utrekna pensjonsansvar pr 31.12.	317 550	344 237
309 158	354 524	Opparbeida pensjonsmidler pr 31.12.	348 242	309 158
4 946	141	Arbeidsgivaravgift		4 946
30 133	-30 068	Balanseførte netto pensjonsansvar:	-30 694	30 133

Økonomiske føresetnadar

3,10 %	3,90 %	Diskonteringsrente	3,90 %	3,10 %
3,10 %	3,90 %	Forventa avkasting	3,90 %	3,10 %
3,50 %	4,00 %	Forventa lønnsauke	4,00 %	3,50 %
3,25 %	3,75 %	Forventa G - regulering	3,75 %	3,25 %
3,80 %	3,00 %	Forventa regulering av løpende pensjon	3,00 %	3,80 %

Alle tal i 1000 NOK

Pensjonsforplikting og finansiering

Tenestepensjonsordninga er lukka for nye tilsette, og i 2019 blei tenestepensjonsordninga avvikla for alle tilsette født i 1963 eller seinare og erstatta med innskotspensjonsordninga.

Opptente pensjonsrettar blei ført vidare som oppsette rettar. Tenestepensjonsordninga er uendra for tilsette født i 1962 eller tidlegare.

Tenestepensjonsordningane gjer rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av talet på oppteningsår, løsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Pensjonsansvaret er dekkja gjennom pensjonsordning i BKK Pensjonskasse. Det totale netto pensjonsansvaret for selskapet er knytt til generell pensjonsordning, AFP-ordning (frå 62 år) og i tillegg er det hensyntatt avtale om førtidspensjonsordning med enkelte tilsette i konsernet.

Innskotspensjon

Innskotspensjonsordninga gir dei tilsette 6% i pensjon på lønsgrunnlag opp til 7,1 G og 18% på lønsgrunnlag mellom 7,1G og 12G. Ordninga gjeld for alle tilsette født frå og med 1963.

Avtalefesta førtidspensjon - AFP

Konsernet har valt å videreføra tenestepensjonsberekna AFP for tilsette i tenestepensjonsordninga. Det er og gjort ei avsetning for gjenverande forpliktingar. Tilsette overført til innskotsordninga opp tener rettar i privat AFP.

Endringa er handsoma som oppgjer i 2019 og effekten blei resultatført i 2019.

Det er ikkje gjort avsetningar for forpliktingar knytt til privat AFP.

Rekneskapsmessig handsaming av pensjon samsvarer med IAS 19 (jmf NRS 6 pkt. 4A).



NOTE 8 - VARIGE DRIFTSMIDLAR

Konsern
